



Eit helikopter frå AIRLIFT var leigd inn i dag for å gjera denne jobben.

BKK har i dag arbeidd med framføring av høgspenkabel på Skorpo. Det skal leggjast sjøkabel frå Børneset til Øredalen og i luftline fram til Oskar Langballe sitt tun og vidare til Trafo Skorpo sør. Dette vert gjort for å sikra Skorpo sikker forsyning dersom noko skulle skje med eksisterande kabel frå Ljosnes til Barmen og vidare i luftline fram til Skorpo. Forsyninga gjeld også Snilstveitøy.

Hermann Skromme er regionleiar i BKK nett, Sørøst. Skromme fortel til Uskedalen.no at noverande kabel er frå 1980 talet. Einsidig forsyning med så høg alder er usikker. Difor vil ein leggja ny sjøkabel frå Børneset. Ilandføringa er i Øredalen. Arbeidet med sjøkabelen vert gjort tidleg 2021.

Arbeidet i dag gjekk etter oppsett plan. Airlift var leigd inn for transport av stolpar fram plassen for montering. Tre mann frå BKK var med på arbeidet. Plassen i Øredalen der kabelen skal koma i land vart gjort klar i dag. Ei helle låg slik til at det vart ein liten puff, ein smell nokre har spurt kva kunne vera. Skromme fortel at det er ikkje uvanleg med slik hendingar når ein arbeidar med linjearbeid.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs



Transport av stolpar fram til plassen mellom Øredalen og Oskar Langballe sitt tun.